



REFERAT FRÅ	Strategiforum				
MØTELEIAR	Oddmund Sylta				
REFERENT	Gudrun Einbu				
MØTEDATO	09.11.2014	TID	12-14	MØTESTAD	Wigandgården
REF. DATO	09.01.2014	ARKIVSAK		ARKIVNR	
DELTAKARAR	Rune Sandøy, Tide Buss Stig Myklevold, Nobina Nils Helle, MEB Kenneth Valle, Osbuss Øystein Gullaksen, Nettbuss Ole Engebret Haugen, Nettbuss Daniel Olai Kvernøy, Gulen Skyssbåtservice Lars J Engelsen, Norled Gry M. Olsen, Keolis Leonel Munoz, Keolis Oddmund Sylta, Skyss Karl Inge Nygård, Skyss Norunn Løland, Skyss Frode Endresen, Skyss Hanne A Krum, Skyss Målfrid Vik Sønstabø, Skyss				
FRÅVÆR					
KOPI TIL					

Referat fra strategiforum 11.09.2014

1. Kollektivstrategi for Hordaland

Oddmund Sylta orienterte om prosessen rundt Kollektivstrategi for Hordaland. Det kom inn 45 uttalar til høyringsutkastet, mellom anna frå fleire transportørar og yrkessjåførforbund. Fylkesrådmannen sitt framlegg til strategi for kollektivtrafikken vart vedteken utan endringar i fylkestinget i juni 2014. Kollektivstrategien ligg på skyss.no/rapportar.

Kollektivstrategien skal bli fulgt opp av eit handlingsprogram. Handlingsprogrammet vil ha eit fireårleg perspektiv og rullerast knytt til årlege budsjettprosessar. Første handlingsprogram vil bli lagt fram i november/desember i samband med fylket sin budsjettprosess.

2. Arbeid med trafikkplanar og utvikling av rutetilbodet

Målfrid Vik Sønstabø presenterte korleis Skyss tenker å bruke kollektivstrategien i utvikling av rutetilbodet, gjennom å utarbeide trafikkplanar. Ein trafikkplan skal vise status for



kollektivtilbodet i et geografisk område, analysere marknaden og framtidig etterspurnad etter reiser, og vise korleis vi ser for oss kollektivtilbodet i området på mellomlang sikt. Trafikkplanane skal vere eit bindeledd mellom kollektivstrategien og årleg ruteplanlegging.

3. Ny organisasjonsstruktur i Skyss

Skyss har frå 1. mai gjort endringar i organisasjonsstrukturen. Bakgrunnen for dette er å tilpasse organisasjonen til utfordringane vi står framfor, og eit ønske om å styrke strategisk fokus og langsiktig planlegging.

4. Konsekvensar av ny sonestruktur for Hordaland

Fylkestinget vedtok i juni at det skal innførast ei takstzone i heile Hordaland. Korleis dette skal skje er oppe til politisk behandling denne veka og neste.

5. Korleis kan trafikkelskapa bidra til å få flere kollektivreisande?

Norled er utfordra av Skyss til å presentere betraktningar om korleis kan trafikkelskapa bidra til å få flere kollektivreisande, presentasjon ved viseadm. Lars Jacob Engelsen.

6. Eventuelt

- Orientering om Skyss sine marknadskampanjer hausten 2014.
- Til drøfting: Skyss får relativt ofte henvendingar om å delta på møte med ulike fagforeiningar. Skyss ønsker å høyre kva tenker selskapa om at Skyss deltek i slike møte med deira tilsette.

Neste strategiforum blir **12. mars 2015, kl. 12-14**. Eventuelle saker kan meldes inn til Gudrun Einbu på gudrun.einbu@skyss.no.